



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Seksjon for kulturarv

Vår dato: 20.05.2021
Deres dato: 29.04.2021
Vår referanse: 21/19760-2
Deres referanse: 2021/548-2
Vår saksbehandler: Line Grindkåsa

Svar - Lie i Liegrend - gbnr. 88/1 - Ber om forhåndsuttalelse - oppsetting av hytte ved gamle støylen ved Stemtjønn, Stemstøyl - id 142231- Fyresdal kommune

Vi viser til oversending datert 29.4.2021 der det blir bedt om ei forhåndsuttale angående oppsetting av ei hytte ved den gamle støylen på gbnr. 88/1 ved Stemtjønn.

Fylkeskommunen skal medverke til at nasjonale og regionale føringar vert følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som kulturminnemynde, vegmynde og som planfagleg rettleiar.

Planfagleg rettleiing

Vestfold og Telemark fylkeskommune syner til retningslinene i Heiplanen (2013). Bygnaden som dei søker om å sette opp ligg innafør omsynssona for det nasjonale villreinområdet, der oppdatert villreinkunnskap skal leggst til grunn for vurderingane. Det er ikkje tillate å sette opp fritidsbustader, men driftshusvære og støler som er knytt til dokumenterbar utmarksnæring kan bli tillate. Vi ber kommunen om å legge vekt på å dokumentera omsyna til villreinen i vidare sakshandsaminga, og legger til grunn at dei landbruksfaglege omsyna og blir vektlagt.

Omsyn til nyare tids kulturminne

Kulturminnet id142231 er registrert i kulturminnedatabasen Askeladden som ein gammal stølsvoll, slik han framkom på kart over Bratsberg amt frå 1857. Kartfestinga er usikker. Vi har no gjort ei ny vurdering av dette kulturminnet, og konkludert med at med den kunnskapen vi har om staden, så er korrekt datering etterreformatork tid. Vi har òg oppdatert vernestatus til ikkje freda. Kulturarv har derfor ingen merknader om id142231, anna enn å oppfordra til at eventuelle spor etter tidlegare bygningar på støylen om mogleg blir varetatt når det skal byggast nytt.

For å ivareta kulturlandskapet på ein god måte, bør òg kommunen stille krav til open fundamentering på nye bygg. Gjerne kombinert med forblending eller fylling med naturstein. Det

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Fylkesbakken 10, Skien
Svend Foyngate 9, Tønsberg

Sentralbord:
35 91 70 00
post@vtfk.no

Org. no.:
821 227 062

vtfk.no



bør ikkje opnast for naturinngrep knytt til utbygginga, berre mindre boring til fundamentering. På denne måten kan kommunen sikre at området kan bli tilbakeført utan synlege spor.

Vi vil og tilrå ei tradisjonell utforming. Bredda på bygget bør ikkje bli for stor, kombinert med takvinkel og takutskot tilpassa dei tradisjonelle stølsbygga i området.

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi vurderer det òg som mindre sannsynleg at ikkje kjente, automatisk freda kulturminne er bevart i det aktuelle området, og har difor ingen merknader til tiltaket.

Vi vil likevel gjere merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følge stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikra seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Vestfold og Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding.

Konklusjon

Vestfold og Telemark fylkeskommune har med omsyn til regionale og nasjonale interesser, ingen merknader til at kommunen gir dispensasjon. Vi viser likevel til kommentarane våre over, og vi legg til grunn at kommunen i endelege vedtak gjer ei vurdering av dispensasjonen i høve til vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2.

Med helsing

Terje Gansum
Seksjonsleder

Line Grindkåsa
Arkeolog/rådgivar
line.grindkasa@vtfk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
FYRESDAL KOMMUNE		Klokkarhamaren 6	3870 FYRESDAL